

NR. 2

FEBRUAR 1987

20. ÅRG.



## Biskop Bjørn Bue til Arna

Siste helga i februar kjem Stavangerbispen Bjørn Bue til Arna. Der kjem han som formann i Det Norske Misjonsselskap og han vert med på ei misjonssamling i Arna bedehus kl. 16.30 om laurdagen og ved gudstenesta om søndagen.

Meir om dette inne i bladet.

## 1987 - DET STORE BYGGJEÅRET I ARNA KYRKJELYD?

I Kyrkjelydsbladet har vi frå tid til anna omtala 2 store byggjesaker under planlegging i Arna kyrkjelyd. Det gjeld utviding av Takvam kapell og Kyrkjelydshus i Arna. Hausten 1986 vart det gjeve byggjeløyve for Takvam kapell, og no i januar for kyrkjelydshus i Arna. For Takvam kapell vart det vedteke eit større tilskot i budsjettet for Bergen kommune for 1987 slik at utvidinga kan verta realisert. Kyrkjelydhuset må reisast av innsamla midlar, men der arbeider byggenemnda med friskt mot og vonar at mykje vil skje dette året. Sjá meir om dette på s. 6, 7 og 13.

## KONTINGENT — Postgiroblankettane gløymt

Ved ein feil vart det ikkje lagt postgiroblankettar for kontingen i Kyrkjelydsbladet som vart sendt ut i Arna sokn. I Ytre Arna vart det gjort. Dei som ikkje fekk blankettar med forrige blad, vil difor få blankettane denne gongen.

Samstundes minner redaksjonsnemnda om innbetalinga. I 1986 var utgiftene noko større enn inntektene for bladet, og skal vi makta å gi det ut slik vi gjer i dag, treng vi god innbetaling av kontingen og gåver. Har blanketten din kome bort, står adressa og postgiro/bankgironummer til bladet på siste sida.

# MØT GUD I BIBELEN

Jes. 55. 10-11

«Liksom regnet og snøen fell frå himmelen og ikkje fer oppatt dit før det har vatna jorda og gjeve henne grokraft og grøde, ja gjeve såkraft til den som skal så, brød til den som skal eta, så er det og med mitt ord, det som går ut or min munn, det vender ikkje tomt tilbake til meg, men gjer det eg vil og fullfører det eg sender det til».

Bibelen er Guds ord. Gjennom han talar Gud til meg. Han gjev svar på mine djupaste livspørsmål, kvifor eg lever og kva som er målet for livet mitt. Om seg sjølv seier Bibelen: «Alle heilage skrifter innanda av Gud er og gagnlege til opplæring, til formaning, til rettleiing, til oppseding i rettferd så det mennesket som høyrer Gud til kan verta som det skal, dugande til all god gjerning». 2. Tim. 3.16.

Det er viktig at eg les i Bibelen. Difor lyst han ned frå bokhylla, helst kvar dag. Vi treng kontakt med Gud. Eg treng lys over livet mitt og kraft til mitt indre menneske: «Mennesket lever ikkje berre av brød, men av kvart ord som kjem frå Guds munn». Matt. 4.4.


Gud møter meg i ordet sitt. Ved sin Heilage Ande gjer han det levande for meg. Mange spør etter Gudsbevis. Vis oss at Gud er til, så vil vi tru på han. Eg kan ikkje bevisa Gud, men likevel veit eg ein veg å gå for alle som vil erfara at Gud er til, ta i bruk Bibelen, der møter Gud oss.

Gud er i sitt ord. Dette er like sikkert som krinslaupet i naturen, som at regnet vatnar jorda og gjev henne grokraft og grøde. Guds ord skaper det det nemner. Det er ei livgjevande kraft alle kan få del i. Denne krafta lyst eg ha tak i fordi eg treng henne.

Det er så mykje Gud vil seia meg gjennom Bibelen, men det viktigaste han vil seia meg er at han er glad i meg alle dagar, korleis eg enn steller meg. Ved trua på Jesus Kristus tilbyr han meg frelse og evig liv. Joh. 3.16.

Det skjer noko når Guds ord får sleppa til. Difor er det så spennande å gi det rom. Ynskjer du å få del i denne kraftkjelda? Finn fram Bibelen og møt Gud der.

H. Haugsvær



## Misjonsdag i Arna

Lørdag 28. februar

Misjonssamling i Arna bedehus kl. 16.30. Tale av biskop Bjørn Bue. Song. Servering. Misjonsoffer til Det Norske Misjonsselskap.

ALLE ER HJARTELEG  
VELKOMNE.

Søndag 1. mars

Høgmesse i Arna kyrkje kl. 11 ved biskop Bjørn Bue og res.kap. Harald Sundsbø. Takkoffer til Det Norske Misjonsselskap.



## Samtalekveldar i Ytre Arna

I samband med bibelaksjonen vert det denne våren sendt ein del TV-program om Bibelen. Programma vert sendt søndag kveld med reprise laurdagen etterpå.

I samband med desse programma vil kyrkjelydsskulen I Arna arrangerar samtalekveldar i Kyrkjelydshuset i Ytre Arna. Då sendetida for TV-programma høver dårleg, vil vi ta opp programma og samtala om dei på fylgjande samtalekveldar:

1. Onsdag 18. februar  
Tema: Ei bok med mange bøker.
2. Onsdag 4. mars  
Tema: Bibelen – berre for dei truande?
3. Onsdag 18. mars  
Tema: I møte med bibelen.
4. Onsdag 1. april  
Tema: Å tolka bibelen.
5. Onsdag 15. april  
Tema: 3 forfattarar og ei bok.

Alle samtalekveldane tek til kl. 19.30.

Kyrkjelydshuset ligg ved sida av kyrkja i Ytre Arna, og deltakarar både frå Arna og Ytre Arna sokn er velkomne. Vi ser TV-programmet saman og samtalar om det vi har sett over ein kopp kaffi/te. Kvar tek med seg matpakke til seg sjølv. Ein må ikkje vera med på alle kveldane for å koma.

ALLE INTERESSE  
ER VELKOMNE

## Fellesmøte i Arna kyrkje

Fellesmøte i Arna kyrkje  
søndag 15. februar kl 19.00

Fortstandar Odd Ravndal talar.

Tabernaklets ungdomskor

Vitnemål. Offer til Bibelmisjonen

Arna misjonsmenighet Pinsemenigheten Salem  
Pinsemenigheten Bethel Arna kyrkjelyd


# BARNESIDE

Spennende tider for de kristne

## 55. dag

Apgj 17, 10–15


Sett en strek mellom den boka disse personene har bruk for.



**Bønn:** Kjære Gud. Hjelp meg å forstå det jeg leser om deg i Bibelen.

## 56. dag

Apgj 17, 16–21



Folk i Aten hadde mange guder, men de var redd for at de hadde glemt én. Derfor bygget de et alter til ham, så han ikke skulle bli sint. Dette alteret var det Paulus så.

**Bønn:** Kjære Gud. Jeg vil be for alle som ikke kjenner deg, men som tilber guder de selv har laget. La de få høre om deg og bli glad i deg. Amen.


..... v. 24

Han rah tpaks nedrev

..... v. 24

Han gir ella ednå go vil  
og ella gnit.

..... v. 25.



# HJEMMENES DÅPSRING

Har du barn, barnebarn eller er du fadder til barn mellom 0-1 og 3-4 år, er det nå kommet et spennende tilbud med aktivitetspakker til barna og hjelp til oppdragelsen. Gjennom tripp-trapp opplegget har kirken skapt et redskap for å gi foreldrene en god og praktisk og sammenhengende støtte til oppdragelse og dåpsopplæring i hjemmet. Her er konkret og aktiviserende materiell til barna, og grei og livsnær veiledning til foreldrene. Skulle man kjøpe tilsvarende materiell hos bokhandlere og leketøysbutikker, ville prisen trolig vært mye høyere.

En av tankene bak opplegget er at kristen oppdragelse er oppdragelse rett og slett, og derfor tar opplegget barna på alvor og legger til rette med stimulerende aktiviteter og materiell. Etter hvert vil tilbuddet bli utbygget slik at det gjelder alle fra 0-6 år.

### FAKTA OM TRIPP TRAPP

- Tripp Trapp er et abonnementssoplegg
- Medlemskap koster 300 kr. pr. år (prisen er pr. nov. 1986 og kan bli justert i takt med prisutviklingen).
- Medlemskap kan tegnes allerede når barnet er nyfødt. Da kommer den første pakken når barnet er ca. 4 mndr. gammelt.
- Barnet får tre pakker i året. Innholdet i pakkene er tilpasset barnets alder og behov.
- I hver pakke ligger en foreldreveileitung som tar for seg et hovedtema i oppdragelsen og dessuten gir orientering om barnets utvikling, om hva foreldrene kan gjøre for å la oppdragelsen bli en kristen oppdragelse, om lek og leketøy og om materiellet til barnet.
- I hver pakke er det tre-fire ting til barnet.
- Abonnenten bestemmer selv om det skal sendes bokmål- eller nynorskutgave av pakkene.
- Tripp Trapp-pakkene blir gitt ut av HD-forlaget – eller HJEMMENES DÅPSRING (HD) – som er en stiftelse, der bispmøtet, samtlige bispedømmeråd, 16 lutherske organisasjoner og Frikirken er representert i styrende organer. Det er IKO (Institutt for Kristen Oppsæding) som har tatt initiativet til dannelsen av HD.

Jeg melder et barn som tripp trapp-medlem.

(Fyll ut med trykte bokstaver)

Barnets navn: etternavn evl. mellomnavn alle fornavn

Fadd den: dag med år  gutt  pike

Adresse: gate nr. postnr. poststed

Barnet bor i: menighet

Trykt materiell i pakkene ønskes på  bokmål  nynorsk

Jeg er oppmerksom på at medlemskap koster kr. 300 – pr. år. \*

Jeg ønsker å betale for:  ett år  to år  tre år  
og er da sikret at barnet får tre pakker i året i denne tiden  
uten noe tillegg i prisen

Send betalingskrav til undertegnede:

etternavn fornavn

gate nr. postnr. poststed

sted dato underskrift  
(person over 18 år)

\* Prisen er pr. nov. 1986. Det tas forbehold om at prisstigning kan gjøre det nødvendig å øke abonnementssprisen.  
(Dette forbehold gjelder ikke for abonnement som er betalt.)

Jeg er
<input type="checkbox"/> far/mor
<input type="checkbox"/> fadder
<input type="checkbox"/> bestefar/bestemor
<input type="checkbox"/> annen
<input type="checkbox"/> slektning
<input type="checkbox"/> venn av familien
<input type="checkbox"/> annet

Sendes:  
HD-forlaget,  
Postboks  
6796, St.  
Olavs  
plass,  
0130 Oslo  
1. Prestekontorene  
kan og gi  
nærmere  
opplysninger og  
brosjyre.

## Byggjestart for Kyrkjelydshus i Arna nærmar seg

# RÅBYGGET FERDIG I 1987?



Frå venstre: Bjarne Fjellveit, Ingmar Ljones, Ørjan Miljeteig, Harald Hemre, Hans Ulland Pettersen, Erling Osland, Oddmund Bildøy, Malvin Klemmetsen og Johanne Margrethe Bergo Larsen.

Mange Vik var ikkje til stades då biletet vart teke og Malvin Klemmetsen var invitert til møtet for å kunna svara på spørsmål på vegne av bygesaksaudelinga i Bergen kommune.

Med byggjeløyve datert 16.1.1987 på bordet, kunne byggjenemnda for Kyrkjelydshuset i Arna i møte 28.1. drøfta den vidare framdrifta i arbeidet med huset. Og at tida no nærmar seg for at noko vert gjort er tydeleg. Saman med konsulentar og andre dei vil rådføre seg med, tok dei fatt på å planleggja anbudsinnbydinga til arbeidet innan grunn og betong, VVS

og elektro. Vidare skal det og innhentast prisar på byggematerialer som vil gå med. Det er tydeleg at ein med dette er kome eit langt steg nærmare å få huset opp.

— Kva tid vil huset vera ferdig? Vi spør formannen i byggjenemnda, Ingmar Ljones.

— I stor grad vil det vera økonomien som avgjer det. Alt er no lagt

til rette for å få reist huset. Til no har vi samla inn ca. 1 mill. kroner, men for å få opp råbygget, treng vi ca. 2 mill. Vi vil måtta ta opp noko lån, men om alt går godt, vil vi kunna ha råbygget under tak dette året.

— Vil de satsa mykje på duggnadsarbeid for å redusera kostnadene?

— Noko av arbeidet eignar seg ikkje å organisera med duggnadsinnsats, men likevel vert det rikeleg høve til å gjera noko. Det gjeld murararbeid og ikkje minst maling og innvendig innreidning.

Når han understrekar at økonomien er avgjerande for kva tid huset kan gjerast ferdig, er det tydeleg at byggjenemnda tenkjer seg å realisera huset i fleire etappar. Første målet er å få opp råbygget til rundt 2 mill. kroner. Med det høge rentenivået vi i dag har kan dei ikkje tenkja seg å låna meir enn ca. 1 mill. Det vil verta for dyrt å betala renter av meir. Difor må resten av huset venta til ein får økonomisk grunnlag for det.

— Vågar de å gå i gang med dette prosjektet utan større startkapital?

— Ja, vi har tru for at gåvene vil koma når huset vert reist. Men vår oppgåve er å leggja fram planane for soknerådet som vil ha eit informasjonsmøte før ein gjer avtalar med entreprenørar. Det er soknerådet som må gjera vedtak om byggjestart. Men


det er vår von at mange vil vera med å støtta prosjektet.

Han minner om den avtalen som gjeld med Vestlandsbanken i Arna der ein kan få banklån og gje beløpet som gavé til Kyrkjelydshuset. Samstundes er kvar krone som kjem inn no før byggjestart viktig for byggjenemnda. Det vil redusera banklåna og spara huset for store renteutgifter. Det kan difor vera på sin plass med å minna om adressa for gáver: Kyrkjelydshus i Arna, Vollavegen 45B, 5260 Indre Arna. Bankgiro 8440.21.04243. Postgiro: 3 49 89 95.

— Er det kome noko endringar i arbeidet med huset etter det vart søkt byggjeløyve?

— Ja vi har fått ein mjukare og finare fasade mot sør. Det var ein av innvendingane kommunen hadde til søknaden, og løysinga no synest vi er god. Samarbeidet med kommunen har vore svært godt, og vi har fått ei planlösing som gjev betre plass for kyrkjegardsarbeidarane og dessutan ligg det til rette med 50 m<sup>2</sup> til utleigefremål for andre.

Byggjinga av Kyrkjelydhus er eit stort løft for Arna prestegjeld, og vi vil nok koma med mange rapportar etter kvart som tida går. Når mange er med vil alt gå lettare, og vi vonar difor på god oppslutning om dette i ára som kjem.



# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

### Arna sokn:

- 25.12: Ole André Nordtveit Eriksen, døypt i Sundvor krk.  
Jim Øyvind Dochedal Johansen, døypt i Nordreisa krk.  
28.12: Gunnar Kvam, Ivar Kvam, Tomas Hansen, Cathrine Vellure Selliken.  
04.01: Bernt Stian Vik. Jan-Erik Heggernes.  
25.01: Hanne Spilde, Renathe Tangen Johnsen og Tommy Rolland Flatås.

### Ytre Arna sokn:

- 21.12: Sandra Håland Kleppe.  
25.01: Stian Reinholdsen Aadland, døypt i Arna kyrkje.

## Fellesmøte i Ytre Arna

Søndag 15. februar kl. 19.00 er det fellesmøte i Ytre Arna kyrkje. Der går pinsemenigheten Betania, soknerrådet og Indremisjonsforeningane saman om eit møte på Bibeldagen. Fellesmøta har ein lang tradisjon i Ytre Arna og på Haugland, men det er første gongen møtet har vore i kyrkja. Sigvald Storheim vil tala, og det vert fleire deltakarar i programmet. Alle er velkomne.

### Kyrkjelydane sine bank/postgirokonti

#### ARNA:

- Arna sokneråd Bank: 8440.31.05006  
Boks 11 Post: 5779798  
5260 Indre Arna

- Kyrkjelydshus i Arna Bank: 8440.21.04243  
Vollavegen 45B Post: 3498995

Om nokon vil gje ei gåve til kyrkjelydsarbeidet kan desse konti brukast.

## † Døde

### Arna sokn:

- 23.12: Knut Midtsæter, f. 1907  
31.12: Adolf Nikolai Rasmussen, f. 1902.  
01.01: Erling Veseth, f. 1915  
05.01: Martha Solberg, f. 1894.  
11.01: Solveig Eilertsen, f. 1929.

### Ytre Arna sokn:

- 12.01: Bjørn Johan Blindheim, f. 1919.  
26.01: Ragnhild Lillebergen, f. 1889.

## Ofringar i kyrkjelydane

### Arna sokn

31.12:	Ungdomsarbeidet	1495
01.01:	Menigh.fakultetet	1418
04.01:	Kyrkjelydshuset	1498
11.01:	Den N. Muhamedanerm.	729
18.01:	Kyrkjel.arb.	2544
25.01:	Institutt for kristen oppseding	2409

### Ytre Arna sokn

04.01:	Kirkens SOS	627
11.01:	Kyrkjelydsarb.	334
18.01:	IKO	422
01.02:	Santalmisj.	1983

Presten  
har  
ordet



## BIBELEN FOR ALLE

Saman med Kyrkjelydsbladet denne gongen vert det delt ut ei fin trykksak som er laga til Bibeldagen 15. februar. På ulik måte vert det der sagt noko om kva Bibelen har å seia for menneske. Kanskje nokon vart forundra over at personar som er nemnt der, står fram og viser si interesse for denne boka?

Avisa er laga i samband med den store aksjonen som går over fleire år med motto: «Bibelen open for alle». Når ein slik går ut for å gjera Bibelen kjent, er det fordi Bibelen er ei innholdsrik bok. Den har påverka oss og samfunnet mykje. Mange av dei verdiar vi i dag ser som sjølvsagte, finn me grunnlag for der. Men det er i tru på at Bibelen gjev oss noko meir enn interessante litterære bidrag og historie, denne aksjonen er starta. Der finn vi Guds ord til oss i dag. Den viser oss kven vi menneske er, og kven Guder er.

For menneske har alltid vore eit spørsmål om ein sammenheng i tilveret. Bibelen er med på å gi oss svar på det. Den viser oss et mål for livet vårt og ikkje minst ei mening med dagen i dag. For oss er ikkje det alltid lett å sjå. Bibelen er inga oppskrift på ei flukt frå livet nå, men i staden ei forankring for oss i møte med kvardagen. Den er ikkje ei bok som alltid gjev lettvinde svar på alle spørsmål. Som prest har eg måttå studera i mange år utan med det å kunna svara på alt. Men likevel har den for vesentlege svar til oss alle til å kunna stå nedstøva i ei bokhylle. Kanskje er ikkje alt i Bibelen lett å skjøna? Ver ikkje redd for å spørja andre. I vår tid

er det mange som synest det er vanskeleg å snakka om religiøse spørsmål. Det skulle det ikkje vera. Samtale om Bibelen er samtale om viktige ting i livet som gjeld oss alle. Det er ingen grunn til å bera spørsmålet inne i seg av redsel for kva andre tenkjer. Difor utfordrar bibelaksjonen oss også til å samtala om det som står der.

Ei anna side ved bibelaksjonen som eg synest er fin, er at dette er eit fellestiltak der alle kristne kyrkjesamfunn og organisasjonar står saman. Guds ord er vi saman om å spreia i tru på at det også skaper tru mellom menneske. Og skulle du vilja ha ei ny omsetjing av Bibelen for å kunna skjøna betre det som står der, er det slett ikkje nokon uoverkommeleg pris du må betala. I samband med aksjonen vert det selt billegutgåver til kr. 59.. Begge prestekontora vil formidla salg av denne utgåva no utover våren.

Med dette utfordrar eg til å lesa i Bibelen og gjerne snakka med andre om det som står der.

## FASTEGUDSTENESTER

Også dette året vert det fastegudstenester i begge kyrkjene og i Takkvam kapell.

Desse gudstenestene er fordelt slik:

Onsdag 4. mars Arna kl. 20.00  
Sokneprest Øy. Nattverd.

Torsdag 12. mars Takkvam kl. 20.00  
Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

Tirsdag 17. mars Ytre Arna  
kl. 20.00 Res.kap. Sundsbø.

Onsdag 18. mars Arna kl. 19.30  
Res.kap. Sundsbø. Nattverd.

Onsdag 1. april Arna kl. 20.00  
Sokneprest Øy. Nattverd.

Onsdag 8. april Ytre Arna kl. 19.30  
Sokneprest Øy. Nattverd.

# MØTER

## Betania, Lone

- 10-15/2: BUF-veke.  
19.2.: Nattverdmøte.  
22.2.: Møte v/NLM.  
26.2.: Årsmøte v/NLM.  
28.2.: Ungdomskveld v/BUF.

## Arna bedehus

- 12.2.: Bøne- og vitnemøte.  
17-22/2: Møteveke v/Indremisjonen.  
Talar Arild Hetlebakke. Song og musikk på alle møta.  
26.2.: Eldresamvær.  
01.3.: Sundagsmøte v/Ungdomsnemnda.  
05.3.: Nattverdmøte.  
08.3.: Sundagsmøte v/Harald Eide. Song og musikk.  
11.3.: Møte v/Samemisjonen.  
12.3.: Bøne- og vitnemøte.  
15.3.: Sundagsmøte v/Morten Pedersen. Musikklaget.

## Ytre Arna bedehus

- 13.2.: Møte v/Indremisjonen.  
Talar Ole Abel Sveen.  
14.2.: Vennefest kl. 18.00. Talar Ole Abel Sveen.  
18.2.: Møte v/Israelsmisjonen.  
Talar Olav Ro.  
10-15.2.: Møteveke v/Misionssambandet. Talar Oddvar Risøy.

## Haugland bedehus

- 18/2: Årsmøte v/Indremisjonen.

## Eit aktivt folk

(KPK) Det norske kristenfolk er eit aktivt folk. Det syner den store livsstilundersøkinga blant menneske tilknytta frikyrkjer og lekmannsorganisasjonar i Den norske kyrkja. 45 prosent av dei spurde har for tida tillitsverv i sin kyrkjelyd eller organisasjon. I løpet av dei siste ti åra har heile 70 prosent hatt tillitsverv. Frikyrkjemedlemene har noko oftare tillitsverv enn lekfolket i organisasjonane. Dette heng mellom anna saman med

at det er fleire verv som ein treng folk til i et kyrkjesamfunn.

Mellom intervjuobjekta med luthersk bakgrunn er det vel 20 prosent som sit eller har sete i eit sokneråd. Snaut halvparten av dei spurde har andre oppgåver enn tillitsverv i sin kyrkjelyd eller organisasjon. Vel 75 prosent er eller har vore engasjert i slike oppgåver dei siste ti åra.

Frikirkjemedlemer er også på dette området noko meir engasjerte enn medlemmenne i dei lutherske organisasjonane.

## Kirkens SOS trenger flere medarbeidere

Du må være kristen, minst 22 år og medlem av Den norske kirke eller Den Evangelisk Lutherske Frikirke.

Vi trenger medarbeidere i alle aldre, og ser gjerne at flere menn melder seg.

Før du begynner som telefonvakt, deltar du på et 10-kvelders innføringskurs. Så lenge du er med i tjenesten er du også med i en samtalegruppe.

Du blir aldri overlatt til deg selv i denne tjenesten.

Kontakt oss snarest for flere opplysninger.  
Tlf. 23 30 80 kl. 11.00-14.00.  
Tjenesten er ulønnet.

## Barnekor til Molde

I juni skal det vera ei landssamling som Noregs Kyrkjesongsamband arrangerar i Molde. Der vil ei rekje barnekor vera med, og kora i begge kyrkjene i Arna skal reisa dit. Ytre Arna barne- og ungdomskor har bestilt plass for 30 med minipris på fly, medan Arna kyrkjes barnekor satsar på å reisa med buss med ca. 40 deltakarar.

Det er inspirerande for kora å vera med på slike landssamlingar, og det gjev resultat i det vanlege arbeidet. Dei vonar difor å få støtte til reisa på ulik måte, sjølv om deltakarene må betala ein del sjølv. I Ytre Arna startar dei no i februar med å få inn pengar til dette.

## Radiokåsør og reklamemann Agnar Gjøen: LES I BIBELEN, BLI KJENT MED JESUS

(KPK) — Les i Bibelen, bli kjent med Jesus. Da skal du se at han er noe helt annet enn det du venter...

Oppfordringen kommer fra radiokåsøren og reklamemannen Agnar Gjøen. Selv bel han kristen i voksen alder og er nå engasjert i Fagerborg Menighet i Oslo. Agnar Gjøen er bergenser, men flyttet til Oslo i 1969. Siden 1959 har han platepratet i radioen, først i NRK-Hordaland og senere på riksnettet. I sommermånedene dekkar han sin «Sommetallerken» og i vintermånedene kåserer han i «Stiften».

Agnar Gjøen er opptatt av å nå mennesker i «gråsonen» med evangeliet. Men han er redd mange kristnes gledeleshet og ufrihet skygger for Jesus:

— Jesus står for det totalt motsatte, han sprenger alle grenser. Tenk bare på kvinnen som ble greppt i hor. «Heller ikke jeg fordømmer deg!», sa Jesus til henne. Slik som han tilga denne kvinnen, tilgir han oss. Skulle vi ikke da ha grunn til å være glade? Derfor om vi kristne ikke klarer å leve som vi skulle, må du se på Jesus, og ikke oss. Han er full av godhet og tilgivelse, han er slik vi skulle være.

Agnar Gjøen vet at mange mennesker synes det er vanskelig å innrømme dette — for oss selv og Gud. Alle er vi født med det — det var derfor Jesus kom som en redningsplanke.

— Hvordan ble du kristen?

— Det var en lang prosess. Helt fra barnsben av har jeg hatt en dragning mot Kristentreoen. Rett etter at et av våre eldste barn ble døpt, kom vi i en dåpsgruppe i menigheten sammen med noen kristne ektepar. Samværene her og et OASE-stevne senere hjalp meg til et kristent standpunkt. Men selv om jeg «har kommet igjennom» kaller meg en kristen, tviler jeg av og til på om jeg har rett til det. Gjelder Je-

sus tilgivelse også meg? Mine synader er så store at jeg har vanskelig for å tro at det finnes tilgivelse for dem. Når slike tanker kommer er det godt å vite at det ikke er meg det kommer an på, men Jesus. Bekjenner vi vår synd for han, tilgir han den. Det er Jesus som er grunnlaget for hele min tro.

Agnar Gjøen merker gjennom små og store hendelser i hverdagen at det finnes en Gud som står bak skaperverket.

— Det er så maneg ting som virker tilfeldig, men som i virkeligheten er små undere. Under et OASE-stevne kom jeg over en eldre bok av Asbjørn Aavik hos verkskapet vårt. Da jeg kom hjem til Oslo, prøvde jeg å få tak i boka, men den var ikke å oppdrive. Plutselig en dag stod en nabo i døren med noen bøker fra en leilighet hun ryddet. Blandt dem var Aaviks bok.. En tilfeldighet, vil mange si. Det tror ikke jeg. Det var Gud som stod bak.

## Årsfest i Arna kyrkjelyd

Søndag 8. februar samlast ca. 90 deltagarar til årsfest i kyrkjelyden. Det var første gongen denne festen var lagt til Betania bedehus på Lone. Før har Indre Arna og Garnes vore samlingsstaden. For nokon var nok dette første gongen dei var i det nye fine bedehuset, og møteleiaren Erling Osland synest også røynsla med å ha festen på ulike stader i kyrkjelyden, var god. Kristin og Ragnar Tesdal medverka med tale, song og musikk, og ellers var det plass både for skjemt og alvor. Dette året vert ikkje årsmeldin og rekneskap for soknerådet lagt fram på årsfesten. Det kjem i staden på eit soknemøte etter gudstesta søndag 15. mars.



## HJELP TIL ANDAKTS- LIVET

«Slik kan du be» heiter ei lita bok av William Barclay, ein kjend engelsk teolog og forkynnar. Boka er omsett til norsk av Ingeborg Prytz Fougner, og kom ut her i landet første gong i 1970. Introduksjonen fortel at boka har ført tusenvis av nordmenn inn i eit aktivt og bevisst bøneliv.

Første delen er ei kortfatta og praktisk innføring i bøn. Denne kan sikkert vera til stor hjelp for mange. Eit par ting undrar ein seg over. — Som når det i avsnittet om bøn og naturlovene vert hevda at det er gale å be om godt ver, fordi det er atmosfæriske forhold og ikkje bøna som bestemmer veret. Til det kan ein i alle fall spørja om bøna i det heile bestemmer noko, men likevel legg me frimodig fram for Gud det som ligg oss på hjarta. Uheldig er formuleringa: «Alle mennesker er Guds barn» som me finn i avsnittet om «Egoistisk bønn». Uttrykket er i beste fall villeiande.

Hoveddelen i boka er ei samling med bøner og bibelord for tretti dagar, for fire søndagar og for dei store høgtidene. Sist fylgjer ei samling bøner for særlege høve i heimen.

Bønene er allsidige i emneval og fint forma. Dei vil utan tvil vera ei god hjelp for dei som slit med å få samling på bønelivet sitt, og i tider då ein går seg trøytt av eigne ord, eller når ein strevar med å finna ord.

Boka vil ha fullført si oppgåve når ein ikkje lenger treng henne, heiter det på omslaget.

«Minutter med Jesus» av Edin

Løvås, er ei nyskaping i norsk kristen bokheim. Boka inneheld 365 enkle øvingar i Jesusmeditasjon.

Jesusmeditasjonen har vel heilst heime i den ortodokse kyrkja. Kristusikonen på omslaget er ei påminning om den samanhengen. Men forfattaren, mangeårig leiar av Sandom retreatsenter, høyrer heime som pastor i misjonsforbundet. Han har utan tvil fått tak i noko som det er ved å formidla vidare.

«Kristne mennesker trenger et personlig andaktsliv. Men det er klokt å bestemme seg for ein minimumsdisiplin på noen minutter, og så øke tiden når inspirasjonen kommer. Alt for mange har endt i skyldfølelser som de ikke behøver å ha, fordi de gav løfter om et altfor krevende program». Slik tek boka til, og rákar utan tvil inn i eit utbreidd problem.

Kvar meditasjon tek utgangspunkt i ein bibeltekst — dei fleste henta fra evangelia. Så finn me ei anvisning på eitt moment i teksten som ein skal lata tankane kvila ved (sjå), så vert det oppgitt eitt bøneemne knytt til innhaldet i teksten og tilslutt ei oppmoding til tilbeding av ei side ved Jesus som gir grunnlag for tilbeding.

Minutter med Jesus er ei interessant bok som eg trur har mykje å gi menneske i vår oppjaga tid, — eit framifrå hjelpemiddel for den som slit med sitt daglege andaktsliv.

Største styrken ved boka er kanskje likevel KRISTUSKONSENTRASJONEN. I ei tid prega av mange former for religiositet og med mykje forkynning prega av upresist gudsprat, trengst det hjelp til å få festa augo på Jesus.

**William Barclay:**

**Slik kan du be»**

**Edin Løvås:**


**«Minutter med Jesus»**

**Verbum forlag Oslo 1986.**


**Ingvald Hageberg**

Takvam kapell vert utvida:

## Bergen kommune har løyvt pengar



Haldor Romslo.



alar. På ulike måtar vil dognadsinnsats redusera byggekostnadene.

— Kva vil utvidinga seiа for kapellet?

— Hovedføremålet med utvidinga er å få plass til fleire. Det vert bygd på i lengda og breidda slik at det vert 84 sitjeplassar. Då vil det ofte kunna brukast ved gravferder t.d. og i treng ikkje vera redd for at dei som kjem må stå ute. Nye toalett vil det også verte.

Han fortel vidare at Takvam kapell vart bygd av bygdefolket i 1926 for kr. 4.700., 5-6 år seinare vart kapellet overteke av Haus kommune, seinare var det Arna kommune og no Bergen kommune som fekk ansvaret for huset. Skuggestrand Husmorlag sökte for ca. 20 år sidan om utviding av kapellet, men det vart utan resultat den gongen.

Nemnda for kapellet har med støtte frå bygdefolket arbeidd måurretta for utvidinga dei siste åra, og teikningar har lenge vore klare og byggjeløyve vart gjeve hausten 1986. Med det ligg alt no godt til rette for å setja i gang, og med den kommunale løyvinga for dette året er det god von om å få det til.

# Årsmøte i Arna kyrkjes aspirant- og barnekor

Laurdag 31. januar vart der avholdt årsmøte i Arna kyrkjes aspirant- og barnekor i Arna bedehus.

Årsmøtet var kombinert med fest for barna og årsmøte for foreldra.

Kora hadde først ein liten avdeling der dei song nokre vårviser. Deretter vart årsmøte avholdt i vanleg orden med årsmelding, rekneskap og val.

Kora teller idag 43 medlemmer, fordelt på 19 i aspirantkoret, for dei som går i 1-3 klasse og 23 i barnekoret, for dei som går i 4-6 klasse. I barnekoret er det 7 ledige plassar og i aspirantkoret 11.

Dei som ynskjer å begynne, kan fylle ut kupongen under og sende den inn til Arna kyrkjekontor eller ein kan ringe inn, tlf. 24 02 15/24 04 00.

Kora øver onsdagar kl. 16.30-17.15 (aspirant) og 17.15-18.15 (barnekoret). Den økonomiske situasjonen er ikkje god. Kroner 1.000,- er alt kora har å rutle med i byrjinga av 1987. Men vi håpar at dette ikje skal bli nokon hindring for det vidare arbeid.

Det nye styret ser slik ut:

Georg Genius sen., Aase Eilertsen, Torild Sørli, Leidulf Almenning og Bente Gravdal.

Georg Genius sen. vart valt som formann.

Vi ynskjer styret lykke til med arbeidet.

## Påmelding til Arna kyrkjes aspirant/barnekor:

Namn: .....

Adresse: .....

Skole: ..... Kl.: .....

Foreldres underskrift: .....

Sendast til Arna kyrkjechor v/organisten, Borgstova, 5260 Indre Arna, (eller ring inn påmelding, tlf. 24 02 15/24 04 00).

## BLOMSTER

til enhver anledning!  
Ring vår blomsterlf.

24 25 95

  
**a.s. Sarepta**  
5260 Indre Arna

## I MIN FORRETNING

finn De gaver til bryllup, konfirmasjon og barnedåp.



5260 Indre Arna — Tlf. 24 04 96

Solstrands  
Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 32 55 50

Solstrand  
Begravelsesbyrå

Herm.Fossgt. 11, tlf. 32 55 50

Alltid til tjeneste



**VESTLANDSBANKEN**

Banken i Arna — for Arna-folk, der alle kundar, store som små, er hjarteleg velkomne.

**VESTLANDSBANKEN,**  
avd. Arna

Kranser  
Bårebuketter  
**Espeland Gartneri**

5230 ESPELAND, tlf. (05) 24 08 09

ARTHUR HOPE

**ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ**

Telefon 24 08 08

Begravelser og bisettelser ordnes. Transport med egen bil. Annonser, sanger, sløyfer. Monumenter besørges oppsatt.

Banken i Arna frå 1866

**SPAREBANKEN VEST**  
AVDELING ARNA

— til bygdefolket sitt beste

**DU KAN LEIE HENGERE HOS OSS!**

Vi har hengere for

Bil-båt og  
varetransport

  
**NOROL**

**ARNATEIT AUTO SENTER**

TLF. 24 07 40

Utlevering også fra Blomsterdalen ved J. B. Myklestad.

Skal det vera TV — Elektrisk —  
Belysning. Hugs at vi har lavaste  
pris, og det De kjøper her kan De  
få reparert her.

**ARNA ELKJØP A/S**

Ytre Arna — telefon 24 81 88  
Arnateit — telefon 24 19 70  
Vi er tilsluttet landets største  
kjede av elektriske forretninger  
EL-KJØP

# *Velkommen til kyrkje*

- Feb. 15.** Arna kl. 11.00 Familiegudsteneste v/sokneprest Øy. Takkoffer til Bibelskapet.  
Ytre Arna kl. 11.00 Res.kap Sundsbø. Takkoffer til Bibelskapet.
- Feb. 22.** Arna kl. 11. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Ungdomens misjonsaksjon. Kyrkjekaffi. Søndagsskule.  
Trengereid kl. 17.00 Sokneprest Øy. Familiegudsteneste. Utdeiling av «Mi kyrkjebok». 1. klassingar spesielt inviterte. Takkoffer til institutt for kristen oppseding.
- Mars 01.** Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø og biskop Bjørn Bue. Takkoffer til Det norske misjonsskapet.  
Ytre Arna kl. 11.00 Prost Stormark. Nattverd. Takkoffer til kristent arbeid blant blinde.
- Mars 04.** Arna kl. 20.00. Sokneprest Øy. Fastegudsteneste. Nattverd.
- Mars 08.** Arna kl. 11.00. Studieprest Roaldseth. Nattverd. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.  
Ytre Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
- Mars 12.** Takvam kl. 20.00. Res.kap. Sundsbø. Fastegudsteneste. Nattverd.
- Mars 15.** Arna kl. 11.00. Sokneprest Øy. Takkoffer til Institutt for sjelesorg. Søndagsskule. Soknemøte etter gudstenesta.  
Ytre Arna kl. 11.00. Res.kap. Sundsbø. Nattverd. Takkoffer til Norges kristelige student- og skoleungdomslag. Kyrkjekaffi.
- Mars 17.** Ytre Arna kl. 20.00. Res.kap. Sundsbø. Fastegudsteneste.  
**Mars 18.** Arna kl. 19.30. Res.kap. Sundsbø. Fastegudsteneste. Nattverd.

## **SØNDAG ER KYRKJEDAG**

### **KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA**

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, boks 11, 5260 Indre Arna.  
**Redaksjonsnemnd:** Sylvi Sæle, Ingebjørg Ragnhildstveit, Ragnhild Rein, Harald Sundsbø, Ingvar Hageberg, Laila Ueland.  
**Forretningsførar:** Bjørg Hellesøy.  
**Bladpengar:** kr. 30,- adr: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.  
Postgiro nr. 3 10 44 45 eller bankgiro 8440.21.01856  
Trykt av A/S Fotosentrums, Ytre Arna.

### **ARNA PRESTEGJELD**

**Kyrkjekontoret Indre Arna, Borgstova:** Tlf. 24 04 00 og 24 02 15.  
**Kontortid:** Tysdag, onsdag og fredag kl. 10.00 - 11.30  
Torsdag kl. 17.30 - 19.00.  
**Kyrkjekontoret Ytre Arna, Kyrkjelydshuset, P.Jebsensv.39:** Tlf. 24 85 46.  
**Kontortid:** tysdag kl. 17.00 - 18.00.  
onsdag og fredag 10.00 - 11.30.  
**Kyrkjegardane i Arna.** Tlf. 24 05 69. **Kontortid:** Månd. - fredag 10 - 11.